



Morgan Atle Sagstad  
Indre Sagstad 21  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2073 - 18/22012

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
19.10.2018

## Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg Skarhaugvegen og løyve til etablering av avkøyrsel - Gbnr. 19/4 Nedre Sagstad

**Administrativt vedtak. Saknr: 283/2018**

### Saksutgreiing:

Morgan Atle Sagstad søker i søknad dagsett 09.08.2018 om løyve til å byggja ein landbruksveg og oppstillingsplass/lunneplass på gbnr. 19/4. Det vert søkt om å byggja ein landbruksveg i vegklasse 4 på ca. 60 meter, med oppstillingsplassen i enden. Det er søkt om to mindre massetak i samband med bygging, med utak av om lag 300 m<sup>3</sup> med stein. Vegen er tenkt nytta 40 % til skogbruk og 60 % til jordbruk. Vegen har eit dekningsområde på 68,5 daa, kor 53, 6 daa er skog og 15,9 daa jordbruksareal. Byggjekostnad er kalkulert til kr 90.000,-. Det vart også søkt om løyve til ny landbruksavkøyrsel frå KV1143 Øvre Sagstad.

Eigedommen har 123 daa skog, 14,3 daa fulldyrka jord, 5,4 daa overflatedyrka jord, 2,6 daa innmarksbeite og 47,6 daa anna areal. Søkjar ynskjer ein oppstillingsplass til landbruksutstyr, maskinar og liknande. Plassen skal også nyttast i samband med vedproduksjon og produksjon av eigne material. Bruket har lite eigna areal på garden for oppstilling av maskiner og utstyr eller til utnytting av tømmer nært driftssenter.

### Vurdering:

#### Landbruksveg:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjør hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen utgjør landbruksformålet all planlagt bruk av vegen.

Søkjar ynskjer å bygge ein landbruksveg som ender i ein oppstillingsplass/lunneplass, med avkøyring frå kommunal veg. Bruket har lite eigna areal på garden for oppstilling av maskiner og utstyr eller til utnytting av tømmer. Garden vert delt i to av kommunal veg, og den kommunale vegen deler tunet i to. Det er trongt rundt løa på bruket, og det er få plassar å oppbevare, arbeide med eller kople på og av utstyr. Ein ny plass til dette vil gjera arbeidet på garden lettare og sikrere for eigar av garden og dei som ferdast på den kommunale vegen. Søkjar driv jord- og skog sjølv og vil nytta dei ressursane som er på bruket. Han produserer difor ved og material frå eigen skog. Foredling av tømmer til ved eller plank krev plass, både til oppbevaring av råvarer, produkt og sjølve foredlinga.

Ved å opparbeida ein oppstillingsplass/lunneplass vil ein kunne sikra eit godt eigna stad til produksjon av ved, material og lagring av landbruksutstyr. Dette gje betre og sikrere drift på bruket. Lasting, på- eller avkopling av utstyr eller liknande langs veg er ikkje optimalt. Det kan oppstå uheldige situasjonar mellom den som arbeider og andre som ferdast på vegen. Ein eigen plass til dette vil gje ein tryggare arbeidssituasjon og mindre risiko for uhell eller andre situasjonar. Samstundes vil det bidra til å styrke ressursgrunnlaget på garden, då det vil bli lettare å foredla dei ressursane ein har på bruket.

Det er trong for å lage ein kortare veg mellom kommunal veg og oppstillingsplassen. Denne blir om lag 60 meter i vegklasse 4, den vil gå av frå den kommunale vegen og ende opp i oppstillingsplassen. I samband med bygging er det søkt om to mindre massetak på om lag 300 m<sup>3</sup>. Dette er stein som skal nyttast i samband med bygging av vegen og plassen. Dei to massetaka som skal nyttast er to mindre knausar/hammarar, ein ligg i kanten av vegtrasen inn medan den andre ligg i arealet som skal bli oppstillingsplass. Administrasjonen meiner det er positivt om ein kan nytta steinmassar frå område eller som ligg nært til bygging av vegen og plassen. Det vil gje mindre behov for transport inn i område.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen har ingen motsegn mot vegen. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaka. Dei har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar underarbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast, jf. Meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd.

Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn, men skriv; Omsyna til friluftslivet må takast i vare, tilsvarende slik søkjar skildra under punkt 6 i søknadsskjemaet. Det er positivt at søkjar ser for seg å halde stien open i bygge-/driftsperioden. Dersom søkjar må mellombels ta ned oppsette turskilt må desse setjast opp igjen så fort det er høve. Stien er eit eldre far, og tiltaket bør ha minst mogleg påverknad på denne.

Den planlagde vegtrasen går på nedsida av stien frå den kommunale vegen, og vil på eit punkt kryssa stien før den går opp til oppstillingsplassen. Søkjar opplyser i søknaden at han er kjent med stien og det er naturleg at turfolk går dei første meterane på landbruksvegen slik at dei kjen inn på kommunevegen på ein grei måte. Vidare opplyser søkjar at han vil visa særleg omsyn til dei som nyttar turvegen under bygginga av landbruksvegen, slik at stien til ei kvar tid er framkommeleg og trygg.

Administrasjonen meiner det er viktig at det vert tatt omsyn til turstien og til dei som ferdast på denne. Det må gjerast tiltak som gir ein god overgang frå stien til vegen, slik at den ikkje vert opplevd som eit hinder.

Vidare må søkjar dersom ein tek ned skilt, setta desse opp at så snart dette lar seg gjera. Så langt det er mogleg bør stien holdast open under bygging, dersom dette kan gjerast på ein god og trygg måte. Sjølv om ein må krysse stien på eit punkt for å kunne få ei god veglinje, må det så langt som mogleg takast omsyn til stien som er eit eldre far. Og ein bør ha minst mogleg inngrep i denne anna enn det som er naudsynt for å føre fram vegtrasen.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Etter gjennomgang av artskart, naturbase og den kunnskap administrasjonen har om viktige miljøverdiar, ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området eller i nærleiken (jf. § 8). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte vegen vil auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføra vesentleg auke, då planlagt bruk vil vere aktivitetar som allereie vert gjort i området (jf. § 10).

Naturmangfaldslova §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova.

#### Avkøyrse:

Eigar av GBNR 19/4 på Øvre Sagstad ønskjer å etablere ein ny landbruksavkøyrse til eigedomen frå KV1143 Øvre Sagstad. Bakgrunnen er at grunneigar ønskjer å etablere ein velteplass/oppstillingsplass på eigedomen. Den kommunale vegen 1144 Indre Sagstad går i dag rett gjennom tunet til GBNR 19/4. Dette førar til at grunneigar i dag delvis må nytte den kommunale vegen i samband med lossing mm. noko som er uheldig for trafikktryggleiken langs vegen.

Kommunen vurderer at etablering av avkøyrse ikkje vil auke trafikken på KV1143 Øvre Sagstad. Omsøkt avkøyrse vil tilfredsstillere krav til friskt og svingradius jf. Forskrift om avkøyrser frå offentlig veg.

#### Samla vurdering:

Administrasjonen vil etter ei samla vurdering gje løyve til bygging av omsøkt landbruksveg i vegklasse 4 med oppstillingsplass/lunneplass. Det vert samstundes gitt løyve til avkøyrse frå kommunal veg på KV1143 Øvre Sagstad. Det er administrasjonen si meining at vegen og oppstillingsplassen/lunneplassen vil vere viktig for garden, då det vil gje gode områder for å foredla brukets eigne ressursar. Vidare vil det gje ein sikrere og betre arbeidssituasjon på garden.

#### **Vedtak**

«Meland kommune gjev med heimel i landbruksvegforskrifta §§ 3-2,3-3 og 3-4 løyve til bygging av landbruksvegen Skarhaugvegen med oppstillings/lunneplass. Det skal byggast ca. 60 meter nyanlegg i vegklasse 4. Det skal i samband med vegen takast ut om lag 300 m<sup>3</sup> med stein i/nært vegtrase.

Byggjeløyvet er gjeve på fylgjande vilkår:

1. Vegen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 4 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 26.05.2021.
3. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til

kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.

4. Det må takast omsyn til turstien ved bygging, og den bør så langt som mogleg haldast open i anleggsperioden. Vidare må det lagast gode overgangar mellom stien og vegen, slik at vegen ikkje vert til hinder for ferdsel.

5. Ved bygging må det takast omsyn, slik at ein ikkje får avrenning av lausmassar, humus eller liknande ned mot eller i elva på nedsida av vegen.

6. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 godkjenner Meland kommune avkøyrseplanen på følgjande vilkår:

1. Avkøyrseplanen må opparbeidast i henhold til innsendte planer som viser at krav til friskt er ivareteke

2. Avkøyrseplanen må utformast med ein svingradius på minst 4 m

3. På dei næraste 50 meter frå den offentlege vegen skal avkøyrseplanen ha maksimal stigning (fall) på 1:8

4. Frisiktsona skal til einkvar tid vere fri for sikthindringar av midlertidig eller permanent art, høgere enn 0,5 m over hovudvegen sitt nivå. Eksempel på sikthindringar er vegetasjon, gjerde, mur, bosspann eller liknande. Parkering i frisiktsona er ikkje tillatt.

5. Avkøyrseplanen skal byggast slik at overvatn frå vegen ikkje renn inn i avkøyrseplanen. Den må også byggast slik at overvatn frå avkøyrseplanen ikkje renn inn i vegen. Dersom avkøyrseplanen avskjerer åpen grøft skal det leggast avlaupsrør med minimum diameter 200 mm. Avlaupsrør skal leggast slik at veggrøften sin funksjon vert oppretthaldt. Grøftevatnet skal ha fritt løp inn og ut av røret eller Der avkjørsel krysser fortau skal kantstein nedsenkes til 5 cm.

6. Avkøyrseplanen med tilhøyrande siktområde, rør eller stikkrenne, skal vedlikehaldast av grunneigar eller brukar, utan omsyn til kven som har bygd eller kosta avkøyrseplanen

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering.»

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart

**Mottakere:**

Morgan Atle Sagstad

Indre Sagstad 21 5918

FREKHAUG